

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Magasin Skålavatn, Luster kommune, Søknad om å senke magasin Skålavatn under LRV

1 Samandrag – Søknad om midlertidig tillatelse til å senke Skålavatn under LRV

Tiltakshavar: Hydro Energi AS
Vassdrag: Fortun Grandfasta
Kommune: Luster kommune

Bakgrunn

Hydro Energi Sogn skal rette avvik i henhold til Damsikkerhetsforskrifta og gjennomføre vedlikehalds- og sikringsarbeid i Skagen vassveg. Arbeida er forankra i godkjente planar frå NVE:

- Godkjent teknisk plan – 201906400-5
- Godkjent teknisk plan – 201906400-7
- Godkjent detaljplan for landskap og miljø – 202307997-12
- Godkjent tillegg til detaljplan for landskap og miljø – 202307997-20

For å kunne rette avvik og utføre vedlikehaldsarbeid på inntaksluker og sjaktvegg i inntakslukesjakt Skålavatn, samt inspisere inntakslukene på oppstraums side, er det naudsynt å senke Skålavatn under LRV i ein tidsavgrensa periode i 2025 og 2026.

1.1 Tiltaket

- Nedkøyring av Skålavatn med 4–6 meter under LRV (ned mot kote 982).
- Tidsrom: 15 desember 2025 – 25 februar 2026.
 - Tiltaket er naudsynt for inspeksjon, utbetring og for å redusere belastning under sikringsarbeid.
 - Framdrift:
- Del 1 vart gjennomført februar–april 2025 (Mesta AS).
 - Del 2 starta juni 2025 og varer til mai/juni 2026 (Mesta AS og Lysaker & Thorud).
- Miljø- og samfunnsvurderingar
- Senking skjer i periode med låg biologisk aktivitet. Tidlegare nedtapping (2021) viste minimal påverknad.
- Nedtapping vert gjort gradvis. Erfaringar frå 2021 viste at meddriving av slam var minimal.

- Skålavatn er ikkje drikkevasskjelde og påverkar ikkje hytter eller annan verksemd. Hydro Energi gjer risikovurderingar for bruddkantar og farleg is og vil informere tredjepart.
- Sedimenttransport nedstraums er vurdert til å ligge innanfor naturlege variasjonar utan skade på laks eller sjøaure.

Tidlegare løyve

Hydro Energi fekk i 2021 løyve frå NVE (ref. 202100595-4) til tilsvarande nedtapping. Løyvet vart gitt med vilkår om mjuke overgangar, vasstandsprotokoll, kortast mogleg periode under LRV, informasjon til allmenta og etablering av måleutstyr. Hydro Energi forpliktar seg til å følgje dei same vilkåra i denne søknaden.

Søknad

Hydro Energi Sogn søker NVE om midlertidig tillating til å senke Skålavatn 4–6 meter under LRV (ned mot kote 982) i perioden 15 desember 2025 – 25 februar 2026.. Tiltaket er naudsynt for å sikre vidare sikker drift av Skagen kraftverk, er avgrensa i tid, og vil ikkje gje vesentlege negative konsekvensar for miljø eller tredjepart.

2 Full søknadstekst

2.1 1. Bakgrunn

Hydro Energi Sogn viser til planlagde og pågående arbeider i Skagen vassveg. Arbeida er forankra i:

- Godkjent teknisk plan – 201906400-5
- Godkjent teknisk plan – 201906400-7
- Godkjent detaljplan for landskap og miljø – 202307997-12
- Godkjent tillegg til detaljplan for landskap og miljø – 202307997-20

Tiltaka omfattar boring, bolting, utskifting av luker og etablering av ny tverrslagstunnel. For å gjennomføre desse trygt er det naudsynt å tappe Skålavatn under LRV i 2026.

2.2 Framdrift

Del 1 – februar til april 2025 (ikkje behov for senking under LRV)

Utført av Mesta AS. Vassvegen var tømt frå 19. februar til 21. mars. Arbeidet omfatta rensk og sikring ved Skålavatn inntak, boring og bolting av lukepropp, kartlegging av armeringsjern, samt tiltak ved Nausanosi og Rya.

Del 2 – juni 2025 til mai/juni 2026 (behov for senking under LRV i deler av perioden)

Utførast av Mesta AS (byggningsarbeid) og Lysaker & Thorud (mekaniske arbeid). Omfattar etablering av ny tverrslagstunnel ved Rya, utskifting av tappeluke og platekasse, tømning av sandfang, rensk av såle, utviding av massedeponi i Rydalen og istandsetting av berørte areal. Hovuddelen av arbeidet skjer i perioden januar–mai 2026, når vassvegen er tømt.

2.3 Behov for nedtapping

Hydro Energi søker om løyve til å senke Skålavatn 4–6 meter under LRV i perioden 15 desember 2025 – 25 februar 2026.

- LRV: kote 988 moh
- Luketerskel: kote 982 moh

Behovet er særleg knytt til inspeksjon og utbetring av inntakslukene på oppstraums side, samt reduksjon av belastning ved boring og sikringsarbeid. Arbeidet kan ikkje gjennomførast utan å senke vatnet til kote 982.

Nedtappinga vert gjennomført som roleg nedkøyring. Erfaringar frå tilsvarande arbeid i 2021 viser at meddriving av finsediment var minimal og at det let seg gjennomføre og få vasstanden under LRV.

2.4 Miljømessige vurderingar

- Fisk: Senking skjer i vinter- og vårhalvåret med låg biologisk aktivitet. Gyting skjer i tilløpsbekkar og vert ikkje påverka.
- Tredjeperson: Skålavatn er ikkje drikkevassskjelde. Hydro Energi gjer risikovurderingar knytt til bruddkantar og farleg is og vil informere tredjepart.
- Slam og sediment: Gradvis tapping over 4–5 dagar. Vatnet går gjennom Skagen kraftstasjon, som reduserer risiko for plutslege sedimenttoppar.
- Anadrom strekning: Nedstraums strekning for laks og sjøaure vert ikkje nemneverdig påverka.

2.5 Tidlegare løyve gitt av NVE i 2021

NVE gav i 2021 løyve (ref. 202100595-4) til å senke Skålavatn under LRV med følgjande vilkår:

- Endringar i vassføring skal skje gradvis.
- Vasstanden skal loggførast når magasinet er under LRV.
- Perioden under LRV skal vere kortast mogleg.
- Informasjon til allmenta gjennom skilting og nettsider.
- Ivaretaking av privatrettslege forhold.
- Måleutstyr for vasstand ned til 0,5 m under LRV.
- Hydro Energi følgde desse vilkåra i 2021 og forpliktar seg til å følgje dei også i denne søknaden.

2.6 Oppsummering

Hydro Energi Sogn søker om midlertidig tillatelse til å senke Skålavatn 4–6 meter under LRV (ned mot kote 982) i perioden 15 desember 2025 – 25 februar 2026.. Tiltaket er naudsynt for drift og vedlikehald av komponentar i Skagen Kraftverk vassveg. Tiltaket er tidsavgrensa og vil ikkje gje vesentlege negative konsekvensar for miljø, tredjepart eller anadrom strekning.

Hydro Energi ynskjer NVE velkomen til synfaring eller byggeplassbesøk i anleggsperioden, og ber om tilbakemelding dersom dette er aktuelt.

Med helsing
for Hydro Energi AS

DocuSigned by:

Kristen Johannes Rockland Aarethun

B6022A4526F3439...

Kristen Rockland Aarethun
Vassdragsteknisk ansvarleg
Hydro Energi AS
M: + 47 917 82 684